



REGULERINGSFØRESEGNIS TIL REGULERINGSPLAN FOR MORTVEIT MOLO/SMÅBÅTHAMN PÅ MORTVEIT I ETNE, GNR. 140 BNR. 4 OG 41

Dato: 21.08.2018, Rev. 1: 24.02.2023, Rev. 2: 01.09.2026

§ 1 FØREMÅL MED PLANEN

Føremålet med planen er å legge til rette for ein molo for fritidsbåtar med tilhøyrande felles veg.

Følgjande føremål inngår i planen:

Småbåthamn

F_Veg

O_Friluftsføremål

Friluftsområde i sjø

§ 2 SAMFERDSLESANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

f_Veg1 og f_Veg2 skal gjennom området ha minimum 4 meter breidde og er felles for brukarane av moloen og hyttefeltet.

§ 3 LANDBRUKS, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE

Fjellskjering og fylling for båthamn (inkl. molo og båtslipp) og sideareal for f_Veg1 og f_Veg2 vert tillate etablert i området for friluftsføremål, både på land og i sjø. Det skal ved søknad om tiltak for utbygging av båthamna leggjast fram ei løysing for vegetering av fjellskjeringa til vegen, f_Veg1, kfr. forslag til avbøtande tiltak i planskilddinga. VA-anlegg inkl. reinseanlegg mm. kan leggjast i området for friluftsføremål.

§ 4 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

Det skal takast omsyn ved sprenging og arbeid i sjø med tanke på krava til forsvarleg miljø for fisken i oppdrettsanlegga vest og søraust for reguleringsområdet, jf. gjeldande lov om dyrevelferd.

Tiltakshavar må melde til Bergens Sjøfartsmuseum om det under arbeid viser seg funn av skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Om kulturminne på sjøbotn kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Arbeidet må i så fall ikkje fortsetje før museet har undersøkt og eventuelt frigitt området.

§ 5 REKKEFØLGJE KRAV

Før molo kan takast i bruk, må skjeringa i berget sikrast med gjerde langs heile kanten av skjeringa i samsvar med teknisk forskrift. Avbøtande tiltak i form av vegetering av skjeringa til vegen f_Veg1 skal vere gjennomført før molo kan takast i bruk.